

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 1. februar 2017
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 2 og 3

SAKLISTE:

01/18 Godkjenning av protokoll frå møte 09.11.17

02/18 Referat- og orienteringssaker 01.02.18

03/18 Oppfølging av revisjonsrapport – «Pleie og omsorg»

04/18 Årsmelding for kontrollutvalet 2017

Ymse

Aksdal, 25.01.18

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert i sak 2 og 3)
	Varamedlem	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	01.02.18	01/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.11.17

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 09.11.17

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.11.17 ligg ved saka til godkjenning.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 09.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 25.01.18

Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag 9. november 2017 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 13.45 inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf), Berit Myrland (SV) og Tormod Skeie (SV)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Sigrun Vetrhus (Sp)
FORFALL:	Otto Underbakke (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	I sak 19, pkt. 29: kommunalsjef Grethe Anglevik, einingsleiar helse Adriaan Van Ruiven og kommuneoverlege Harald Bjarne Hellesen I sak 19, pkt. 30: kommunalsjef Torbjørn Guggedal, einingsleiar teknisk drift Tormod Hoftun og rådgjevar økonomiavd. Ronny Mehus Rugland I sak 20: kommunalsjef Torbjørn Guggedal og kommunalsjef Grethe Anglevik
ANDRE SOM MØTTE:	Pressen i sak 19 pkt. 29 og 30
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 19, 18, 20, 21 og 22

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 18/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 07.09.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 07.09.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.17:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.17:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 07.09.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 19/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.11.17

- 29. Orientering om bekymringsmeldingar v/kommuneoverlege Hellesen
- 30. Orientering om innkjøpsrutinar – teknisk v/rådmannen
- 31. Statusoversikt pr. november 2017
- 32. Program/påmelding for haustkonferansen i Sandnes 30.11.17
- 33. Når kommunestyret har hastverk – Kommunal Rapport 16.10.17
- 34. Legemeldt sjukefråvær – 1. halvår 2017 – kommunar på Haugalandet

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.17:

Pkt. 29 – bekymringsmeldingar - kommuneoverlegen

Kommuneoverlege Hellesen orienterte om bekymringsmeldingar som gjaldt områda: fordeling av legeressurs ved Suldal sjukeheim, elektronisk samhandling (journalar) og avviksmeldingssystemet.

Medlemmene stilte spørsmål og drøfta orienteringa. Eldbjørg Sivertsen fremma følgjande framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tek informasjonen frå kommuneoverlegen til orientering. Kontrollutvalet ber rådmannen å fremja samhandling mellom helsetenesta og pleie- og omsorg for å finne tenlege løysningar på områda: legeressurs ved Suldal sjukeheim, elektronisk samhandling og avviksmeldingssystemet.

Utvalet slutta seg til framlegget. Utvalet ønskte også ei oppdatering om dei aktuelle forholda om eit år, og dette blei tatt med i vedtaket.

Pkt. 30 – innkjøpsrutinar - teknisk

Einingsleiar Hoftun orienterte og delte ut ein presentasjon som mellom anna viste avdelingane i eininga, tal på tilsette og arbeidsoppgåver.

Medlemmene hadde særleg spørsmål om innkjøpsrutinar. Det var etter tips frå innbyggjar at saka var tatt opp og gjaldt mistanke om mislegheiter ved innkjøp og bruk av kommunale rabattavtalar.

Kommunalsjef Guggedal svara at dei vil undersøkje desse forholda og kome tilbake til utvalet så snart råd er.

Leiar gjorde greie for referatsakene pkt. 31 – 34.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.17:

Pkt. 29

Suldal kontrollutval tek informasjonen frå kommuneoverlegen til orientering.

Kontrollutvalet ber rådmannen å fremja samhandling mellom helsetenesta og pleie- og omsorg for å finne tenlege løysningar på områda: legeressurs ved Suldal sjukeheim, elektronisk samhandling og avviksmeldingssystemet.

Kontrollutvalet ber kommuneoverlegen om ei oppdatering av situasjonen om 1 år.

Pkt. 30

Suldal kontrollutval tek informasjonen om innkjøpsrutinar ved teknisk einig til orientering.

Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding frå rådmannen så snart råd er, og seinast i april 2018.

Pkt. 31 - 34

Referatsakene 31 – 34 blir tatt til orientering.

Vanja Ignjatic, Eldbjørg Sivertsen, Berit Myrland og Tormod Skeie deltek på haust-konferansen i Sandnes 30.11.17.

SAK 20/17 ORIENTERING OM BUDSJETTFRAMLEGGET FOR 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018-2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.17:

Kommunalsjef Guggedal orienterte og viste rådmannen sin presentasjon til kommunestyret ved budsjettframlegginga. Kommunalsjef Anglevik supplerte om framlegget til budsjett for helse- og omsorgsavdelinga. Medlemmene fekk svar på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.17:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018-2021 til orientering.

SAK 21/17 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Oppfølging av politiske vedtak» i samsvar vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 200 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.17:

Revisor orienterte kort om prosjektmandatet. Utvalet ønskte at det også blei tatt med saker frå 2015, ikkje berre 2016. Revisor noterte seg innspelet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.17:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Oppfølging av politiske vedtak» i samsvar vedlagte prosjektmandat med tillegg om at det blir tatt med saker frå 2015.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 200 timar.

SAK 22/17 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2018:

Torsdagar kl. 10.00: 01.02, 19.04, 07.06, 06.09, 08.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 09.11.17:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.11.17:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2018:

Torsdagar kl. 10.00: 01.02, 19.04, 07.06, 06.09, 08.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

YMSE

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 01.02.18, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 09.11.17

Vanja Ignjatic
Leiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	01.02.18	02/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 01.02.18

1. Tilbakemelding om innkjøpsrutinar – teknisk v/rådmannen
2. Varslingsplakaten – vedtatt av kommunestyret 17.10.17
3. Statusoversikt pr. januar 2018
4. Tertialrapport pr. 31.12.17 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Årsrapport 2017 frå Skatteoppkrevjaren i Suldal
6. Oversikt over statlege tilsyn i 2018 – frå Fylkesmannen i Rogaland
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 15.12.17

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 1 - 7 blir tatt til orientering.

Aksdal, 25.01.18

Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

- Arbeidsmiljølova § 2 A-1 Rett til å varsle om kritikkverdige forhold i verksemda
- Arbeidsmiljølova § 2 A-2 Vern mot gjengjelding ved varsling

Målsetjing

I Suldal kommune er det ønskjeleg at du varslar dersom du får kjennskap til kritikkverdige tilhøve slik at desse forholda raskt kan rettast opp.

Kva er varsling?

Normalt meldar du brot på rutinar, lov eller forskrift som eit avvik i avvikssystemet. Varsling er å vidareformidla opplysingar om kritikkverdige tilhøve til nokon som kan stoppa, eller bidra til at desse tilhøva vert stoppa. Kritikkverdige tilhøve kan vera brot på lov- og avtaleverk, etiske normer eller forhold som kan skade kommunen eller samfunnet.

Varsling er positivt

Varsling vil bidra til at kritikkverdige tilhøve vert retta opp, og til kvalitetssikring av verksemda vår. Me vil oppmoda alle til å nytta varsling for å gjera arbeidsgjevar merksam på tilhøve som bør få vår merksemd.

Eksemplar på kritikkverdige tilhøve

- Forhold som kan føre til fare for liv og helse
- Mobbing, trakassering og diskriminering
- Brot på teieplikt
- Korrupsjon, underslag, tjuveri og økonomisk misleghald
- Manglande oppfølging av meldte avvik

Korleis du varslar

Varsling skal vera forsvarleg, og skal normalt følgja tenesteveg. Med forsvarleg vert det meint at intern varsling bør vera prøvd før ekstern varsling. Du kan varsle på ulike måtar; ved brev, telefon, e-post eller ved personleg frammøte. Det er ønskjeleg at du varslar skriftleg. Varslinga bør vera formulert sakleg og nøkternt.

Anonymitet

Varsling kan skje anonymt, men normalt vil openheit sikre betre resultat for alle partar. Det er ikkje mogleg å følgje opp varslaren med tilbakemelding om handtering av varselet ved anonym varsling. Det kan gjera handteringa av saka vanskelegare for arbeidsgjevar dersom ein ikkje får høve til å kommunisera direkte med

varslaren.

Kven du varslar til

- Intern varsling

Du kan varsle om kritikkverdige tilhøve til næraste leiar, eller alternativt til overordna leiding dersom det ikkje vert reagert eller varslinga gjeld vedkomande.

- Ekstern varsling (til dømes til ordførar, fylkesmann, arbeidstilsyn)

Før du varslar eksternt bør du ha forsøkt ein eller fleire formar for intern varsling først. Du varslar til ordførar om det gjeld rådmannen. Dersom du meiner det ikkje vert reagert verken hjå eigen leiar eller rådmannen, kan du gå til ordføraren med varslinga. Du har uansett rett til, og det er alltid forsvarleg, å varsle til tilsyns- og kontrollmyndigheiter.

Informasjon til varslar

Du skal seinast innan 14 dagar verta informert om at varselet er motteke, og om vidare handsaming av varselet. Du vil få tilbakemelding når saka er avslutta.

Når du har varsla

Leiinga har ansvar for oppfølging av saker som er varsla. Det skal ryddast opp i dei forholda som det er varsla om. Dersom leiinga kjem fram til at kritikken er grunnlaus, eller at det har oppstått ei misforståing, så skal varslaren få ei forklaring. Leiinga har ansvar for å ta vare på både varslaren, og den som varselet ev. rettar seg mot.

Vern mot gjengjelding

Varsling er nedfelt i arbeidsmiljølova. Der kjem det også fram at du som varslar er verna mot gjengjelding når du varslar om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Det er viktig at du gjev melding til arbeidsgjevar dersom du opplev å få negative reaksjonar fordi du har varsla.

Meir informasjon om varsling

- Etiske retningslinjer for Suldal kommune
- Arbeidsmiljølova
- Arbeidstilsynet



Kontrollutvalet - statusoversikt februar 2018

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Forenkling, forbedring og effektivisering	25.04.17	200 timar	Under utarbeiding	Våren 2018	
Oppfølging av politiske vedtak	09.11.17	200 timar	Under utarbeiding	September 2018	
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Pleie og omsorg	15.09.16	16.02.17	21.03.17	01.02.18	

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	04.02.14	11.02.15/ 19.05.15	
Arbeidsgjevarrolla	21.11.13	19.06.14	09.09.14	29.04.15/ 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16/ 13.12.16	
Selskapskontroller					

SULDAL KOMMUNE
 Periode rapportering 31.12.2017


Månednummer	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Tot timer	Tot sum eks mva
Kunde														
172025901 SULDAL KOMMUNE Regnskapsrevisjon 2017	7,5	3	106,5	31,5	2	2		15,5	48	3,5	7	2,5	229	185 490
172025902 SULDAL KOMMUNE Bekreftelser 2017	16	17	6	8		6		5,5		8	2	16,5	85	68 850
172025903 SULDAL KOMMUNE Kontrollutvalg 2017				8					7		10,5		25,5	20 655
172025904 SULDAL KOMMUNE FR-generelt 2017	1	1,5						1,5	2	1,5		3	10,5	8 505
172025905 SULDAL KOMMUNE Pleie og omsorg 2017	22	6,5											28,5	23 085
172025906 Suldal kommune Innsparing, effektivisering og forenkling 2017				4	1	4	1	12,5	16	11		111	160,5	130 005
172025907 Suldal kommune Oppfølging av politiske vedtak 2017									4	4	1		9	7 290
Totalsum	46,5	28	112,5	51,5	3	12	1	35	77	28	20,5	133	548	443 880

SULDAL	FR	RR	ATT	KU	RAD	TOTALT	SUM
B 2016	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	521 950
R 2016	280,0	191,5	82,0	51,5		605,0	485 815
B 2017	400,0	270,0	80,0	50,0		800,0	648 000
R 2017	208,5	229,0	85,0	25,5		548,0	443 880
B 2018	400,0	250,0	80,0	50,0		780,0	709 800

Budsjett 2018: Suldal kommunestyre har vedtatt å gå inn i Rogaland Revisjon som eier. Suldal kommune er fullverdig eier fra 01.01.2017. Timebudsjett for regnskapsrevisjon, bekreftelser og KU tilpasset kommunens budsjettvedtak for 2017 og tilpasset nivå på andre eierkommuner. Pga. sykefravær er timeprisen økt med kr 100,- slik at timepris blir kr 910,- + mva for kommuner og kr 965 + mva for andre. Nye priser gjelder fra 01.01.2018. Styret behandlet saken 30.8.2017 mens representantskapet behandlet saken 17.10.2017.

Forbruk 2017: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2016 gjennomført og interimsrevisjonen for 2017 tilnærmet ferdigstilt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. tilskudd til ressurskrevende brukere. Innen forvaltningsrevisjon / eierskapskontroll er et prosjekt innenfor pleie og omsorg levert og et prosjekt om innsparing, effektivisering og forenkling samt et prosjekt om oppfølging av politiske vedtak bestilt.

VEDLEGG SAK 2/18 - 4



Årsrapport for 2017

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune

1. Generelt om skatteoppkrevjar si verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Skatteutvalg	3
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen	3
2. Skatterekneskapet	4
2.1 Avleggelse av skatterekneskapet	4
2.2 Vurdering av skatteinngongen	4
2.3 Margin	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklinga	5
3.2 Innfordringens effektivitet	6
3.3 Særnamskompetanse	7
4. Arbeidsgjevarkontroll	7
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	7
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	7
4.3 Resultatar frå kontrollane	8
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	8
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak	8

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse

Organisering

Kontoret har hatt i perioden 01.01.2017 - 31.12.2017 ein tilsett i 100% stilling som i stor grad har utført arbeidet innan skatt og innkrevjing.

Kontoret har 2 personer som utfører oppgåver med betaling og bank.

Ressursar

For 2017 har skatteoppkrevjarkontoret nytta 1,3 årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	0,3	23,0 %
Innfordring	0,5	38,5 %
Arbeidsgiverkontroll	0,3	23,0 %
Administrative oppgåver	0,2	15,5 %
SUM	1,3	100 %

Vurdering av ressurssituasjon og kompetanse

Situasjonen med ressursbruk og kompetanse innan skatteområdet er tilfredstillande.

Arbeidsgjevarkontrollen har tilstrekkelig med ressursar, og kontrollgraden er innafor normene.

1.2 Internkontroll

Det er utarbeid rutineskildring, plan for verksemda og dokumentasjon av internkontroll for kontoret. Det er utarbeid rutineskildring for dei fleste områda i Sofie, dette arbeidet fortsett i 2018.

1.3 Skatteutvalet

Vi har behandla og sendt til skatteutvalet ei sak. Skatteutvalet har ettergitt kr 14 096.

1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen, jf. rapport datert 22.08.2017.

Skatteoppkrevjarkontoret er ikkje gitt pålegg som følgje av kontroll.

2. Skatterekneskapet

Skatteoppkrevjarens arbeid med skatterekneskapet omfattar regnskapsføring, rekneskapsrapportering, behandling av inn- og utbetalningar, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorane.

2.1 Rapportering av skatterekneskapet

Skatteoppkrevjaren bekreftar at skatterekneskapet for 2017 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjar av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2. Årsrekneskapen for 2017 følgjer som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsrekneskapet visar skatteinngangen for regnskapsåret 2017.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til føregående rekneskaps år

Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2017	kr 577 279 074
Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2016	<u>kr 526 684 181</u>
Differanse – meir inngang i 2017 enn 2016	<u>kr 50 594 893</u>

Differansen fordeler seg slik:

Arbeidsgivaravgift	auke	kr 7,25 mill
Kildeskatt	nedgang	kr 0,07 mill
Personlege skattytarar	auke	kr 5,94 mill
Tvangsmulkt	auke	kr 0,14 mill
Upersonlege skatteytarar	auke	kr 37,20 mill
Rentar	auke	kr 0,14 mill
Renter/innkrevjing	nedgang	kr 0,007mill

Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen 2017	kr 145 448 466
Kommunen sin del av skatteinngangen år 2016	<u>kr 141 023 959</u>
Differanse - meir inngang i 2017 enn 2016	<u>kr 4 424 506</u>

Auken fordeler seg slik:

Etterskotspliktige (auke)	kr 3,26 mill
Forskotspliktige (auke)	kr 1,14 mill
Renter og gebyr (auke)	kr 0,03 mill

2.3 Margin

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2016 og 2017.

	per 31.10.2017 (inntektsåret 2016)	per 31.12.2017 (inntektsåret 2017)
Innestående margin	0	27 899 434
For mye avsett margin		
For lite avsett margin	159 958	
Prosentstatts	10%	10%

Kommentarer til marginavsetninga

Prosentstatten for margin avsetninga er gyldig frå mars 2006.
Marginavsetninga er tilfredstillande.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutviklinga

Totale restansar og berostilte krav

Tabellen viser totale restansar og berostilte krav for 2017 og 2016, samt endring frå i fjor.

Skatteart	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Restanse 31.12.2016	Herav berostilt restanse 31.12.2016	Endring i restanse Red(-)/Økning(+)	Endring i berostilt restanse Red(-)/Økning(+)
Sum restanse pr skatteart	2 532 745	266 982	2 914 206	355 663	-381 461	-88 681
Arbeidsgjevaravgift	33 072		25 113		7 959	0
Artistskatt	-				0	0
Finansskatt	-					
Forsinkingsrenter	227 169	16 491	362 064	103 398	-134 895	-86 907
Forskotsskatt	-				0	0
Forskotsskatt person	376 879	-	865 267	-	-488 388	0
Forskotsirekk	82 379		44 823		37 556	0
Gebyr	-				0	0
Innkrevjingsinntekter	31536	10 359	33 612	12 133	-2 076	-1 774
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	-				0	0
Kildeskatt	-				0	0
Restskatt	62 841		200		62 641	0
Restskatt person	1608 938	240 132	1583 127	240 132	25 811	0
Tvangsmulkt	109 931					
Sum restanse diverse krav					0	0
Diverse krav					0	0
Sum restanse pr skatteart inkl diverse krav	2 532 745	266 982	2 914 206	355 663	-381 461	-88 681

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det er ein total reduksjon i restansane frå 31.12.16 til 31.12.17 på kr 381 461.

Restansen for restskatt person har gått opp med kr 25 811, og forskottskatt person har gått ned med kr 488 388.

Det er ein auke i utlikna skatt frå kr 299,8 mill for inntektsåret 2015 til kr 304,9 mill for 2016.

Restskatten for 2016 var 0,66 mill høgare enn restskatten for 2015.

Det er ei endring i berostilte krav på kr -88 681. Vi har hatt ein grundig vurdering av eldre krav og fått berostilt det som ikkje er mogleg å innkrevje.

Det er avskrive krav på totalt kr 100 226 – forsinkelsesrenter restskatt og utskrevet forskottsskatt 1992-1997 følgje avslutta 1 gjeldsordning.

Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Av dette skatteart "Restskatt – person"
2015	321 393	302 843
2014	173 512	168 833
2013	20 098	16 274
2012 – 19XX	936 388	-----

Kommentarar til restansar og oppfølging av restansar for eldre år

Kommentar til restansar for eldre år:

Tall krav som var forelda pr. 31.12.2017: 2 krav

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2017: kr 865,00

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Skatteoppkrevjar har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2017.

Restanselista blir jevnleg gjennomgått for å sjå om det er tiltak som kan setjast i verk på dei sakene vi ikkje har tiltak. Vi hatt ein gjennomgang av krav og dei som ikkje er mogleg å innkrevje er søkt om å få berostille.

3.2 Effektivitet i innfordringa

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2017

Resultatkravet for restskatt 2015 var 96,3 %, mens vi oppnådde 97,7 %.

For innfordra restskatt var resultatkravet 70%, mens vi oppnådde 53,2 %.

Det gjelder generelt skatteytare med dårlig betalingsevne. Vi har løypande påleggstrekk på nokon av dei, noen har utvandra utan at vi har opplysningar om ny adresse, og ein SY som fikk godkjent betalingsavtale etter anbefaling frå skattehjelpen.

Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Det er gjort 4 betalingsavtaler i 2017. I 2016 er inngått 7 betalingsavtaler.
Det er haldt 1 utleggsforretning i 2017, med resultat «utlegg tatt»
Det er gjennomført 29 utleggstrekk i 2017 mot 20 i 2016.

Skatteoppkrevjars eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Skatteoppkrevjaren har ikkje konkrete tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga, men vi prøver alltid å bli meir effektive.

Omtale av spesielle forhold

Det har ikkje vore spesielle forhold i rekneskapsåret som treng særskild omtale.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Suldal nyttar seg fullt ut av særnamskompetansen.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Suldal er med i Haugaland interkommunale arbeidsgjevarkontroll som består av kommunane Bokn, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Haugesund og Karmøy. Ordninga består av 5,6 (5,6 i 2013) stillingar der Suldal har ein stillingsandel på 0,3 årsverk.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontroller

Tall planlagde kontroller for 2017 var 7. Dette utgjør 4,9 % av totalt tall opplysningspliktige i kommunen.

Tall gjennomførte kontroller i 2017 var 7. Dette utgjør 4,9 % av totalt tall opplysningspliktige i kommunen.

Tall gjennomførte kontroller i 2016 var 10.

4.3 Resultat frå kontrollane

Det er avdekka mindre beløp i 4 av 7 kontrollar. Arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget er auka med kr 392 314.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Tall på kontrollar er på eit tilfredstillande nivå. Ei systematisk kontrollverksemd gjennom fleire år, kan synas å gje resultat i form av preventiv verknad.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Det er ikkje gjennomført særskilde aksjonar i 2017.

4.6 Gjennomførte informasjons- og rettleiings tiltak

Det er gjeve informasjon i samband med gjennomgang av ettersynet med arbeidsgjevarane.

Sand, 19.01.2018:



Arnfinn Gundersen
Skatteoppkrevjar



Mirela L. Moe
Fagansvarleg Skatt og Innkrevjing

Vedlegg: Årsrekneskapet for 2017
 Vedlegg til årsrekneskapet

Arsregnskap for Suldal kommune for rekneskapsåret 2017

Avlagt etter kontant prinsippet

		2017	2016
	Likvider	29 360 655	28 859 414
	Skyldig skattecreditorne	-1 291 680	-1 473 085
	Skyldig andre	-169 538	-38 315
	Innestående margin	-27 899 434	-27 348 012
	Udisponert resultat	-2	-2
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-93 670 655	-86 414 139
	Finansskatt lønn	0	
	Kildeskatt mv - 100% stat	-249	-73 914
	Personlige skatteyttere	-308 803 877	-302 860 391
	Tvangsmulkt	-149 163	-5 740
	Upersonlige skatteyttere	-174 432 940	-137 236 043
	Renter	-222 799	-87 454
	Innfordring	610	-6 500
Sum		-577 279 074	-526 684 181
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	93 670 655	86 414 140
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	94 212 839	90 986 776
	Fordelt til Fylkeskommunen	29 397 764	28 759 493
	Fordelt til kommunen	145 448 466	141 023 959
	Fordelt til Staten	214 549 350	179 511 835
	Krav som er ufordelt	0	-1
	Videresending plassering mellom kommuner	0	-12 021
Sum		577 279 074	526 684 181
Sum totalt		0	0

Sand, 19.01.2018


 Arnfinn Gundersen
 Skatteoppkrevjar

Vedlegg til årsregnskapet for 2017

Årsregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Årsregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet:

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene pga mangelfull informasjon fra den som innbetaler.

- **Innestående margin**

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal det holdes tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal nyttes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, finansskatt, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, tvangsmulkt samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene i henhold til gjeldende fordelingstall.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Videresending plassering mellom kommuner**

Dette gjelder innbetalinger i mellomregning med andre kommuners skatteregnskap.



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår dato: 20.12.2017

Vår ref.: 2017/13370

Arkivnr.: 321

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 03.01.18
Journalført: 18/001 jena
Arkivkode: 216

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland i 2018

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunane og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket, Kartverket, Skatt vest og Statens vegvesen. Fylkesmannen samordna også eigen tilsynsaktivitet med planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.

Vi har utarbeidd eit oversyn over Fylkesmannen sine planlagde tilsyn i 2018 fordelt på kommunar (sjå vedlegg). Mattilsynet, Kartverket, Skatt vest, Arkivverket og Statens vegvesen har ikkje bestemt seg for kva kommunar som vil få planlagde tilsyn ennå, og er derfor ikkje med i oversynet. Sjølv om ikkje alle tilsyna er planlagde ennå, vil vi så langt som råd er, sørge for at belastninga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den einstilte kommunen.

Arbeidstilsynet vil i 2018 framleis ha eit særleg fokus på arbeidslivskriminalitet og dei utfordringar dette fører med seg i arbeidslivet. A- krimsentret i Stavanger består av medarbeidarar frå, Arbeidstilsynet, Sør- vest politidistrikt, Skatt vest, NAV Kontroll vest og Kemneren i Stavanger som jobbar med desse utfordringane. Det er også i Haugesund etablert ei tverretatleg operativ gruppe som fører tilsyn med utfordringar innan arbeidslivskriminalitet. Kommunane vil vere av interesse her, jamfør tilsyn med regelverket om offentlege anskaffingar og byggherreforskrifta.

Arbeidstilsynet vil og føre tilsyn med kommunane som byggherre og kommunen som oppdragsgivar. Sistnemnte med utgangspunkt i forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Elles er det aktuelt å føre tilsyn med kommunen som kjøpar av reinhaldstenester. Innan helse og sosial med kommunale akutte døgneiningar (KAD) og ambulansetenesta. I tillegg kjem tilsyn med tema vald og trugslar. Her blir det ført tilsyn med dei delar av kommunane si verksemd der vald og trugslar er ein kjend utfordring. I tillegg til tilsyn vil Arbeidstilsynet i 2018 ha fokus på rettleiing- og i enkelte aktivitetar også dialogseminar.

Mattilsynet sine hovudprioriteringar for 2018 er sjukdomssituasjonen i akvakultur, tryggleik rundt levering av drikkevatn, tap av dyr i produksjon og risiko ved import og samhandel. På emnet drikkevatn vil tilsynet sjå særskilt på vassverka si drift og kontroll av UV-anlegga i tillegg til å følge opp beredskapen på leveringstryggleiken. Mattilsynet vil også involvere seg i alle plansaker som har verknad for drikkevatn og eller andre områder som kan verke inn på Mattilsynet sine tilsynsområde.

Arkivverket vil våren 2018 ha fokus på tilsyn med kommunar som skal slå seg saman. For Rogaland sin del betyr dette tilsyn med Sandnes kommune våren 2018. Arkivverket kjem tilbake i

mai med ei oppdatert oversikt over kommunar som får tilsyn hausten 2018. Hendingsbaserte tilsyn vil kome i tillegg.

Kartverket skal ha minst eitt tilsyn i Rogaland i 2018, men ingen kommunar er så langt trekte ut til første runde til våren. Ein går neste år frå tjue til tjuefem tilsyn i året. I tillegg til det eine tilsynet som har vore vanleg i kvart fylke kvart år, skal det plukkast ut fem kommunar landet rundt blant dei som har hatt tilsyn. Endringane blir gjort fordi ein ønskjer å sjå nærare på læringseffekten i tilsyn. Meir om Kartverkets tilsyn finn de på www.kartverket.no/tilsyn.

Statens vegvesen (SVV) vil i 2018 i hovudsak utføre risikobaserte tilsyn. Det vil seie at tilsyna vil vere målretta mot verksemdar der det er sannsynleg at vi vil avdekke lovbrøt. Kva verksemdar som vil få tilsyn kjem an på dei opplysningar (tips) SVV mottok, og/eller kva SSV finn i samband med sitt arbeid. For å kunne tilby vilkårsparkering må verksemda vere registrert i SVV sitt parkeringsregister, jf. parkeringsforskriften § 4. Fristen for å registrera seg i parkeringsregisteret var 01.01.2017. SVV vil i 2018 undersøkje om det er verksemdar som tilbyr vilkårsparkering utan å vere registrert i parkeringsregisteret og eventuelt føre tilsyn med dei.

Skatt vest har utarbeidd ein førebels plan for Skatt vest sine kontrollar av skatteoppkrevjarane i Rogaland 2018. Førebels plan følgjer som vedlegg til dette brevet, endeleg plan kjem i mars 2018.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er innarbeidd i oversynet som er lagt ved. Her finn de informasjon om kva tema som blir tatt opp. I dette oversynet er også Fylkesmannen sine forvaltningskontrollar innan landbruk tatt med.

Fylkesmannen si Helse-, sosial- og barnevernavdeling fører i hovudsak tilsyn med kommunane sine tenester til innbyggjarane etter systemrevisjonsmetoden. Statens Helsetilsyn som er oppdragsgjevar på området har no opna for at andre tilsynsmetodar, som m.a. sjølvmeldingstilsyn, stikkprøvetilsyn og dialogmøter, kan nyttast der ein finn det tenleg. Av den grunn kan nokon av dei planlagde tilsyna bli gjennomført etter annan metodikk.

Avdelinga har deltatt i eit 2-årig prosjekt med involvering av brukarar/pårørande i tilsyn. Helsetilsynet har uttala at brukarinvolvering er kome for å bli. Fylkesmannen har difor som mål å involvere brukarar/pårørande i størst mogeleg grad i våre tilsyn.

Utdanningsavdelinga planlegg i 2018 ei kartlegging av kommunane sin praksis når det gjeld vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, jf. barnehagelova § 19g. Kartlegginga vil danne grunnlag for eventuelle framtidige tilsyn med kommunar.

Fylkesmannen gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Brevet og oversynet finn de og på www.fylkesmannen.no/rogaland. Her ligg Fylkesmannen sin tilsynskalender og endelege tilsynsrapportar, informasjon om samordning av statlege tilsyn og lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Maren Skåden Saksbehandlar telefon: 51 56 88 32 E-post: fmromar@fylkesmannen.no

Fylkesmannen sine tilsyn og kontrollar med kommunar i Rogaland 2018

FNT/Landsomfattande tilsyn/nasjonale tilsyn = Nasjonale tilsynskampanjar styrt av sentrale styresmakter (Hesetilsynet sentralt/Utdanningsdirektoratet), utført lokalt

Kommune/fylkeskommune	Fylkesmannen Helse- og sosial-avdelinga	Fylkesmannen Utdannings-avdelinga	Fylkesmannen Samfunns-avdelinga	Fylkesmannen Landbruks-avdelinga	Fylkesmannen Miljøavdelinga	Arkivverket
 <u>BJERKREIM</u>	1. halvår	Oppl. Felles nasjonal tilsyn: læringsutbytte				
	2. halvår	Barnevern				
 <u>BOKN</u>	1. halvår		Kommunal beredskapsplikt			
	2. halvår					
 <u>EIGERSUND</u>	1. halvår				Grunnforeining	
	2. halvår	Barnehageloven kap. V A				
 <u>FINNØY</u>	1. halvår	Oppl. Felles nasjonal tilsyn: læringsutbytte				
	2. halvår	Nav-kontor, sosiale tenester				
 <u>FORSAND</u>	1. halvår		Kommunal beredskapsplikt			
	2. halvår					
 <u>GJESDAL</u>	1. halvår	Nav-kontor, sosiale tenester				

	<u>SOLA</u>	1. halvår		Introduksjonsloven		
		2. halvår	NAV-kontoret, sosiale tenester		Kommunal beredskapsplikt	
	<u>STAVANGER</u>	1. halvår				
		2. halvår		Felles nasjonalt tilsyn: Psykososialt miljø	(Inngår i forvaltningskontrollen i Sandnes)	
	<u>STRAND</u>	1. halvår				
		2. halvår			Kommunal beredskapsplikt	
	<u>SULDAL</u>	1. halvår	Helse- og omsorgstenester til psykisk utviklingshemma			
		2. halvår		Felles nasjonalt tilsyn: læringsutbytte		
	<u>TIME</u>	1. halvår				
		2. halvår		Oppl. Voksenopplæring		
	<u>TYSVÆR</u>	1. halvår				
		2. halvår			Kommunal beredskapsplikt	
	<u>UTSIRA</u>	1. halvår				

SKATT VEST

Kontroll av skatteoppkreverfunksjonen i Rogaland 2018 (prognose. Endelig plan medio mars 2018)

Komm. nr.	Kommunenavn	Omfatter kommunene	VÅR 2018	Høst 2018
1101	Eigersund	Eigersund Bjerkreim		JA
1102	Sandnes			JA
1103	Stavanger	Stavanger,Forsand Randaberg,Finnøy Kvitsøy,Rennesøy		JA
1106	Haugesund	Haugesund,Utsira Bokn,Tysvær		JA
1111	Sokndal		JA	
1112	Lund		JA	
1121	Jæren	Time,Klepp Gjesdal,Hå		JA
1124	Sola		JA	
1130	Strand	Strand Hjelmeland	JA	

1134	Suldal*		JA	
1135	Sauda*		JA	
1149	Karmøy			JA
1160	Vindafjord		JA	

Protokoll representantskapsmøtet for Haugaland Vekst IKS den 15.12.17

HAUGALAND
VEKST



Den 15. desember 2017 ble det avholdt representantskapsmøte i
Haugaland Vekst IKS.

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 17.12.18
Journalført: 18/0023/4
Arkivkode: 217 93

Tilstede:

Ordførere

Haugesund kommune	Arne Christian Mohn
Tysvær kommune	Sigmund Lier
Bokn kommune	Tormod Våga
Utsira kommune	Marthe Klovning
Karmøy kommune	Jarle Nilsen
Vindafjord kommune	Ole Johan Vierdal
Etne kommune	Siri Klokkestuen
Sauda kommune	Asbjørn Birkeland
Suldal kommune	Gerd Helen Bø
Sveio kommune	Jorunn Skåden
Rogaland fylkeskommune	Astrid Furumo

Administrasjon

Tormod Karlsen
Inger K. Haavik
Arvid Nesse

Rådmenn (observatører)

Haugesund kommune	Ole Bernt Thorbjørnsen
Tysvær kommune	Arvid Vallestad, kom til sak 09/17
Bokn kommune	Jan Erik Nygård
Karmøy kommune	Sigurd Eikje
Vindafjord kommune	Kristian Birkeland, kom til sak 09/17
Etne kommune	Pål Nygård, kom til sak 09/17
Sauda kommune	Rune Kloster Tvedt
Suldal kommune	Øyvind Valen
Sveio kommune	Jostein Førre
Rogaland fylkeskommune	Astrid Furumo

Observatører

Torill Hallsjø, Kontrollutvalget
Ronny Sætre (ansattes observatør til styret)
Simon Nesse, Rogaland fylkeskommune

Ikke tilstede:

Utsira kommune Bjørn Ådnesen, rådmann

Protokoll representantskapsmøtet for Haugaland Vekst IKS den 15.12.17



Sakliste:

Sak 5/17: Valg av møteleder.

Jarle Nilsen er valgt.

Sak 6/17: Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Forslag fra Vindafjord, Ole Johan Vierdal, om at behandling av sak 09/17 utsettes til etter kl. 10.00.

Vedtak: Forslaget fra Vindafjord, enstemmig vedtatt.

Sak 7/17: Behandling av budsjett for 2018

Vedtak: Budsjettet for 2018 ble enstemmig vedtatt.

Sak 8/17 Valg av revisor

Vedtak: KPMG ble enstemmig gjenvalgt.

Det ble enstemmig vedtatt å ta pause fra kl. 09.15 til kl. 10.00.

Møtet ble igangsatt på nytt kl. 10.00

Sak 09/17 Strategidrøfting – vurdering av framtidig organisasjonsmodell


Presentasjon ved styreleder HV, Ole Bernt Thorbjørnsen,

Vedtak:

Saken tas opp til ny realitetsbehandling i representantskapsmøtet den 20. april 2018. I mellomtiden gjennomføres en prosess i den enkelte kommune. Saken orienteres om i felles formannskapsmøte den 21. februar og drøftes i eiermøte den 2. mars 2018.

Haugesund den 15.12.2017

Representantskapet for Haugaland Vekst IKS


Jarle Nilsen


Sigmund Lier

Protokoll representantskapsmøtet for Haugaland Vekst IKS den 15.12.17

HAUGALAND
VEKST



Arne Christian Mohn

Tormod Våga

Marthe Klovning

Gerd Helen Bø

Ole Johan Vierdal

Siri Klokkestuen

Asbjørn Birkeland

Torunn Skåden

Astrid Furumo

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	01.02.18	03/18
Kommunestyret	22.03.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «PLEIE- OG OMSORG»

Vedlegg: tilbakemelding frå rådmannen, dagsett 05.01.18

Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 21.03.17, sak 24/17 følgjande:

- 1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Pleie- og omsorg» og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Rapporten blei ferdig i februar 2017, og handsama av kontrollutvalet 16.02.17, sak 03/17.

Revisjonen har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- *Skapa eit godt organisatorisk grunnlag i heimenestene for auka satsing på førebygging, hjelp til sjølvhjelp og kvardagsrehabilitering*
 - *Ei eining, faglig spesialisering og ambulante team kan vera gode grep for å få til dette.*
- *Vurdere om det kan vera aktuelt å heva tersklane for tildeling av heimenester.*
- *Vurdere ressursinnsatsen i heimenestene målt opp mot brukaranes behov.*
- *Vurdere å redusera talet på institusjons- og bu- og omsorgss plassar ytterlegare.*

Oppfølging/tilbakemelding:

I tilbakemelding frå rådmannen dagsett 05.01.18, som er vedlagt saka, er det gjort greie for korleis rapporten sine tilrådingar har blitt følgt opp. Rådmannen skriv at han har følgt opp alle tilrådingane. Kommunestyret fatta vedtak om framtidens omsorg i møtet 19.09.17.

Sekretariatet sine kommentarar:

I følge kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapportar. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saka vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå rådmannen viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging. Kommunestyret har handsama sak om korleis framtidens omsorg skal organiserast, og administrasjonen arbeider med å følgje opp vedtaket.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Pleie- og omsorg» til orientering.

Aksdal, 25.01.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 08.01.18
Journalført: 18/002/ogk
Arkivkode: 216

Dykkar ref.

Vår ref.
16/1051-3 18/312
Grethe Jæger Anglevik

Arkivkode:
K1 - 219, K2 - G99

Dato:
05.01.2018

TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALET

Tilbakemelding til kontrollutvalet på : «Forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorg»

Rogaland Revisjon IKS gjorde ei forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorg , februar 2017.
Dei gjorde ei tilråding til Suldal kommune å:

- Skapa eit godt organisatorisk grunnlag i heimetenestene for å auka satsing på førebygging, hjelp til sjølvhjelp og kvardagsrehabilitering. Ei eining, fagleg spesialisering og ambulante team kan vera gode grep for å få dette til.
 - Vurdera om det kan vera aktuelt å heva tersklane for tildeling av heimetenester.
 - Vurdera ressursinnsatsen i heimetenestene målt opp mot brukaranes behov.
 - Vurdera å redusera talet på institusjons- bu- og omsorgsplassar ytterlegare.
-
- Skapa eit god organisatorisk grunnlag i heimetenestene for å auka satsing på førebygging, hjelp til sjølvhjelp og kvardagsrehabilitering. Ei eining, fagleg spesialisering og ambulante team kan vera gode grep for å få dette til.

Kommunestyret fatta vedtak på framtidias omsorg 19.09.2017.

Rådmann blei bede om å fordela om ressursar for å styrka det førebyggjande arbeidet og ta i bruk velferdsteknologi. Samstundes blei det vedtak på at heimetenestene skal samlast til ei eining med eigen nattpatrulje. Hovudbasen skal vera på Sand med ein leiar. Det skal opprettast ei arbeidsgruppa som skal jobbe med innhaldet i tenesta. Leiar for nåverande Sand bu- og omsorgssenter, Monica Smedsrud blir leiar for gruppa. Det er innført kvardagsrehabiliteringsteam bestående av fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar som kartlegg brukaren sitt behov og legg plan for opptrening for ein gitt periode, heimetrenarar bestående av andre tilsette i heimetenesta følger opp treninga etter opplæring. For tida blir dei gamle analoge tryggleiksalarmane byta ut med nye digitale alarmar som kan koplas med ulike velferdsteknologiske løysningar som : fallalarm, brann, epilepsi, dør-alarm etc. Ein av omsorgsbustadane utanfor sjukeheimen blir omgjort til ein teknologi bustad som

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.
52 79 23 01

Telefaks
52 79 22 25
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro

Org. nr.

skal nyttas til korte rehabiliteringsopphald og undervisningsbustad for kvardagsrehabilitering. Samarbeidet med Haugaland kraft som leverandør har starta.

Suldal kommune er med i eit KS-nettverk som hjelper kommunane til å bli betre på «gode pasientforløp», tanken med dette er å jobba med brukarane og legge til rette for «kva er viktig for deg». Brukarperspektivet er sentralt i denne måten å jobba på, det blir kartlagt i starten av tenesta kva dei treng hjelp til og korleis ein vil trenast på den eksakte utfordringa. Ny vurdering saman med brukar blir gitt etter ei kort tid. Med å satsa på førebygging i tidleg fase kan ein utsetja behovet for meir avansert pleie. Brukarane blir meir sjølvhjelpne og får vera delaktig i sitt eige liv. Leiar for heimetenesta jobbar med å utvikla andre ambulante team som vil bli nytta i tenesta.

Førebyggjande heimebesøk til alle som er 77 år, startar 01.01.2018.

Det vil bli halda jamlege brukarar undersøkingar og leiar jobbar med å opprette brukarrepresentantar for tenesta. Brukarane og innbyggjarane vil bli involvert i innhaldet av tenestene.

Det vil bli jobba med oppretting av eit aktivitetssenter i forbindelse med «framtidast omsorg» på Sand der frivillige vil også bli nytta. Aktivitetsvenner for personar med demens som er heimebuande er i startfasen og vil vera eit godt førebyggjande tiltak til at brukarar kan bu heime lengre.

- **Vurdera om det vera aktuelt å heva terskelen for tildeling av heimetenester.**

Eit av tiltaka i økonomiplan med handlingsprogram 2018 – 2021 er å laga nye tildelingskriterier for heimebaserte tenester. Suldal kommune har i 2017 laga nye tildelingskriterier for institsjon og heildøgns plassar som er godkjent av kommunestyret hausten-2017, og har til sikte å få slike kriterier for tildeling av heimetenester. Spesielt må kommunen sjå på tildeling av praktisk bistand til yngre brukarar spesielt mellom 60-79 år. Det må også vera fokus på tidsperspektivet kor lenge eit vedtak skal gjelda, Suldal har nok tradisjon for å tildela lettare enn fleire andre kommunar og det er lett for at brukarar som har fått tildelet eit vedtak, blir ståande for lenge på tenesta. Viss det satsast meir på førebygging og kvardagsrehabilitering kan ein rusta brukarane til å klara meir sjølv. Velferdsteknologiske løysningar kan også bidra til at brukarar er meir sjølvhjelpne og utsett bruka av heimebaserte tenester. Her kan ein nemna elektronisk medisindispenser som gjer at tilsette i heimetenestene ikkje treng å køyra til brukar for å levera ut medisinar.

- **Vurdera ressursinnsatsen i heimetenestene målt opp mot brukaranes behov.**

Dei nye tildelingskriteriene for heimetenester vil nok vera med på å redusera behovet for heimetenester. Ved å nytta ressursane på ein meir fornuftig måte vil ein utsetja behovet for hjelp og trenast på å gjera brukarane meir sjølvhjelpne. Meir fokus på dagtilbod og frivillige vil også bidra til å tenka nytt. Brukarane lever lengre i dag og er friskare, det gjer at fleire vel å bu heime lengre. Fokuset til Suldal kommune og tilsette i heimetenesta blir å nytta ressursane på ein hensiktsmessig måte til hjelp for brukarane. Det har vore ei opplevd sanning i fleire generasjonar at hjelpepersonell har overteke arbeidet for brukarane , mens nå blir det gjort endringar for å hjelpe brukarane til å hjelpe seg sjølv så lenge dei er i stand til det.

- **Vurdera å redusera talet på institusjons- bu- og omsorgsplassar ytterlegare.**

Kommunestyrevedtaket om framtidas omsorg viser at Suldal kommune skal ned på talet på institusjonsplassar og nedlegging av bu- og omsorgssentra på Jelsa og Vinjar.

I saka som var oppe til kommunestyret blei det kalkulert med eit demenssenter på Vinjar til 35 brukarar og Suldal sjukeheim blir ei somatisk eining med ca. 20 brukarar. Pr i dag har kommunen institusjons- og heildøgns plassar til 75 plassar. Det er satt i gong prosess for å effektuera vedtaket, denne prosessen starta januar 2018.

Ulike arbeidsgrupper vil bli satt, blant anna skal dei arbeida med utarbeiding og førebuing for demenssenteret. Dei vil sjå om tala som er føreslått i saka framleis er det talet kommunen vil /bør planlegga etter.

Personaleininga blir sterkt involvert i omdisponering av tilsette. Brukarrepresentantar vil bli med i det vidare arbeidet saman med tillitsvalde/ fagpersonar og leiarane.

Med helsing

Øyvind Valen
rådmann

Grethe Jæger Anglevik
Kommunalsjef

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	01.02.18	04/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for 2017

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt. 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2017 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2017 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2017 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 25.04.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2017

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2017.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2011 bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem til fem ifrå valperioden 2011-2017.

For perioden 2015-2019 valde kommunestyre hausten 2015 følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar	Vanja Ignjatic (H)
Nestleiar	Tormod Skeie (SV)
Medlem	Otto Underbakke (H)
Medlem	Eldbjørg Sivertsen (Krf)
Medlem	Heine Mo Willig (SV)

Varamedlemer:

- 1. Sigrunn Vetrhus (Sp)**
- 2. Silje Helen Færøy (Ap)**
- 3. Olav Martin Skaar (V)**

Heine Mo Willig gjekk ut av utvalet 18.10.16 då han fekk fast tilsetjing i E-verket. Berit Myrland blei vald som nytt medlem. Mo Willig var utvalet sin kommunestyrerepresentant. Det er ingen frå utvalet som er fast medlem i kommunestyret, utvalsleiar er varamedlem.

Utvalet består no av følgjande medlemmer:

Faste medlemmer:

Leiar	Vanja Ignjatic (H)
Nestleiar	Tormod Skeie (SV)
Medlem	Otto Underbakke (H)
Medlem	Eldbjørg Sivertsen (Krf)
Medlem	Berit Myrland (SV)

Varamedlemer:

- 1. Sigrunn Vetrhus (Sp)**
- 2. Silje Helen Færøy (Ap)**
- 3. Olav Martin Skaar (V)**

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har delteke på eit møte i 2017. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han, eller andre frå administrasjonen har delteke i tri av møta i 2017.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2017

Kontrollutvalet har i 2017 hatt **4 (4)** møte fordelt på to møte første halvår og to møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kommuneloven og kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har hatt **22 (27)** saker til handsaming, kor **4 (6)** saker blei oversendt til kommunestyret. **34 (42)** saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Berit Myrland deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferansen på Gardermoen 1. – 2. februar 2017.

Vanja Ignjatic, Tormod Skeie og Eldbjørg Sivertsen deltok på haustkonferansen i Sandnes 30.11.17 i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 25.04.17 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2016. Utvalet gav følgjande uttale til rekneskapen:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 22,1 millionar kroner. Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 52,3 millionar kroner, og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

I same møte handsama utvalet rekneskapen til Suldal Elverk KF, og gav følgjande uttale:

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2016 viser eit årsresultat på 11,5 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2016 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

Årsrapport frå Skatteoppkrevjaren og Skatterekneskapen for 2016 vart lagt fram til orientering i møte 16.02.17.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2019 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 14.06.16, sak 43/16.

I møtet 16.02.17, sak 03/17 blei rapporten om «Pleie og omsorg» handsama. Revisjonen kom med fire tilrådingar i rapporten. Administrasjonen blei gitt ein frist på 12 månader for å følgje opp tilrådingane. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 21.03.17, og vedtok samrøystes utvalet sin innstilling.

Det er tinga to nye prosjekt for levering i 2018. Det er om «Forenkling, forbetring og effektivisering» og «Oppfølging av politiske vedtak».

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2019 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 18.10.16, sak 75/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Revisjonstenestene for kommunen blei lyst ut på anbod i 2011 og Rogaland Revisjon IKS blei vald som kommunen sin revisor frå 01.07.12.

Kontrollutvalet handsama sak om «Revisjonsordning frå 2017 – eigenregi eller kjøp av tenester» i møtet 29.04.15, sak 13/15 og gav følgjande innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre ønskjer å inngå som eigar/deltakar i interkommunalt samarbeid om revisjonstenester.

Kommunen søker om deltaking i Rogaland Revisjon IKS og bli ein del av eigarkommunane så snart det lar seg praktisk løysa. Selskapet blir dermed kommunen sin faste revisor

Kommunestyret gjekk samrøystes inn for kontrollutvalet si innstilling i møtet 19.05.16, sak 37/15.

Suldal kommune blei fullverdig eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.01.17.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Cicel T. Aarrestad med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og det har møtt ein representant frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapportar frå forvaltnings-revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si eigenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp

I november møtte rådmannen og orienterte om framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2017.

TENESTE 1100	REKNESKAP 2016	BUDSJETT 2017 (utvalet)	REKNESKAP 2017
Godtgjersle og driftsutgifter	204 207	263 000	194 026
Revisjonstenester	491 837	650 000	443 880
Sekretariatstenester	159 000	167 000	167 000
Sum utgifter (eks.mva.)	855 044	1 080 000	804 906

Kontrollutvalet handsama hausten 2017 framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 100 000. Framlegget vart sendt til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 12 år. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette.

Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leining, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2017, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

Tormod Skeie (vara for Vanja Ignjatic) møtte som representant for Suldal kommune på representantskapsmøtet 24.04.17.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2017 har vore som planlagt. Revisjonsrapport om «Pleie og omsorg» har blitt handsama og det er tinga to nye forvaltningsrevisjonsrapportar. Rapporten om «Forenkling, forbedring og effektivisering» har blitt noko forsinka frå revisjonen og skulle vore levert hausten 2017. Den vil bli levert våren 2018. Rapporten om «Oppfølging av politiske vedtak» vil bli levert hausten 2018. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sand, 1. februar 2018

Eldbjørg Sivertsen

Vanja Ignjatic
Leiar

Berit Myrland

Otto Underbakke

Tormod Skeie

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2017

Saker til handsaming:

- 01/17 Godkjenning av protokoll frå møte 10.11.16
- 02/17 Referat- og orienteringssaker 16.02.17
- 03/17 Forvaltningsrevisjonsrapport «Pleie og omsorg»
- 04/17 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 05/17 Årsmelding for kontrollutvalet 2016
- 06/17 Endra møteplan for 2017

- 07/17 Godkjenning av protokoll frå møte 16.02.17
- 08/17 Referat- og orienteringssaker 25.04.17
- 09/17 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2016
- 10/17 Suldal elverk KF – uttale til årsrekneskapen for 2016
- 11/17 Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innsparing, effektivisering og forenkling»

- 12/17 Godkjenning av protokoll frå møte 25.04.17
- 13/17 Referat- og orienteringssaker 07.09.17
- 14/17 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 15/17 Revisor si eigenerklæring 2017
- 16/17 Plan for rekneskapsrevisjon 2017
- 17/17 Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2018

- 18/17 Godkjenning av protokoll frå møte 07.09.17
- 19/17 Referat- og orienteringssaker 09.11.17
- 20/17 Orientering om budsjettframlegget for 2018 og økonomiplan 2018-2021
- 21/17 Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Oppfølging av politiske vedtak»
- 22/17 Møteplan 2018

Saker til orientering:

1. Statusoversikt pr. februar 2017
2. Haustkonferansen i Sandnes 17.11.16 – evaluering/oppsummering
3. Rapport frå NKRF-konferansen - evaluering/oppsummering
4. Tertialrapport pr. 31.12.16 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Oversikt over statlege tilsyn i 2017 – frå Fylkesmannen i Rogaland
6. Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – rapport frå Fylkesmannen
7. Årsrapport 2016 - skatteoppkrevjaren i Suldal kommune
8. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 16.12.16
9. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
10. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 frå NKRF
11. Statusoversikt pr. april 2017
12. K-styrevedtak 21.03.17, sak 24/17 – forvaltningsrevisjonsrapport «Pleie og omsorg»
13. Velkommen som ny medeier! Frå Rogaland Revisjon IKS v/Aarrestad

14. Kontrollrapport 2016 vedrørende skatteoppkrevarfunksjonen for Suldal kommune
15. Representantskapsmøte 24.04.17 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte 24.04.17 – Rogaland Revisjon IKS (utan vedlegg)
17. Representantskapsmøte 27.04.17 - Ryfylke Miljøverk IKS (utan vedlegg)
18. Representantskapsmøte 27.04.17 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
19. Representantskapsmøte 28.04.17 – Haugaland Vekst IKS
20. Representantskapsmøte 24.05.17 – Krisesenter Vest IKS (utan vedlegg)
21. Årsmøte 08.06.17 - Ryfylke IKS (utan vedlegg)
22. «Barnevern» - skriv frå FKT av 03.04.17
23. Svarbrev av 22.02.17 - vedk. vedtak i kontrollutalet 16.02.17
24. Statusoversikt pr. september 2017
25. Oppdatert prosjektplan «Forenkling, forbetring og effektivisering» frå Rogaland Rev.
26. Perioderapportering/budsjett frå Rogaland Revisjon IKS av 31.07.17
27. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 07.06.17
28. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 30.11.17
29. Orientering om bekymringsmeldingar v/kommuneoverlege Hellesen
30. Orientering om innkjøpsrutinar – teknisk v/rådmannen
31. Statusoversikt pr. november 2017
32. Program/påmelding for haustkonferansen i Sandnes 30.11.17
33. Når kommunestyret har hastverk – Kommunal Rapport 16.10.17
34. Legemeldt sjukefråvær – 1. halvår 2017 – kommunar på Haugalandet